



Årsmøtet i Uskedal Helselag vart halde måndagskvelden og her er deltakarane. Frå venstre sit Borghild Gjertsen, Edith Kjærland, Hilda Guddal, Margit Eik, Selma Eik, Berit Harriet Døssland, Inger Moberg, Berit H. Myklebust, Klara Døssland (89!), Martha Bakke og Eva Myklebust. Guri Eide var også med på møtet. (Foto: Ola Matti Mathisen).

90-åringen Uskedal Helselag gjer som alltid før ein stor innsats for gode føremål. I fjor ga laget 10.000 kroner både til hjarteforskning, kreftforskning og innsats mot tuberkulose og årsmøtet på AFA måndag løyva like mykje til desse føremåla for 2007. I fjor ga laget også 5.000 kroner til dagsenteret i Herøysund, AFA og Rosendalstunet slik at samla gåvesum for det året kom opp i 45.000.

Ved årsskiftet no hadde laget 40.000 i banken, men dei siste 10.000 av denne summen står framleis til disposisjon. Desse pengane kan eventuelt nyttast til eit nytt tiltak som no er lansert under Bygdeutviklingsprogrammet, nemlig ein eldrekafe i gamleskulen. Den nye leiaren i Uskedal Utvikling har lova å kalla inn representantar for laga til eit drøftingsmøte om dette prosjektet, som helselaget støttar fullt ut.

Uskedal Helselag hadde 125 medlemmer i fjor og det var ein liten nedgang frå året før. Som andre helselag har også dette visse problem med rekruttering av nye medlemmer. Nasjonalforeningen på landsbasis har da også nyrekruttering som ei av sine viktigaste oppgåver, saman med hjarta- og demensaksjonane.

Dette er nokon av helselaget sine aktivitetar i fjor:

- Den årlege basaren i Helgheim vart halde 20. mars og ga eit resultat på 22.180 kroner. I år blir basaren halde 12. mars. Den blir innleia med loddosal i butikken.
- 500 mottekne hjartelodd vart selde av skulen, som fekk 3.750 kroner i provisjon. Også dette året sel skulen hjartelodd, noko som vil gje rundt 4.500 kroner til uteanlegget.
- Under den landsdekkande Demensaksjonen i september gjekk medlemmer rundt i bygda med bøsser og samla inn 15.584 kroner.
- Helselaget vitja barnehagen med sunn mat.
- Helselaget hadde dette året 60 fotpleietimar.
- Under julemøtet vart det pakka inn 100 julegåver til pasientar ved Valen Sjukehus.
- Foreningsdamer har strikka 131 par babysokkar til Føden på Stord.

- Laget har fått eiga side på uskedalen.no.
- Nokre foreningsdamer har delteke med mat på "Syng med oss"-tilstelningane ved Rosendalstunet.

Tre av medlemene i styret var på val denne gongen og vart attvalde: Leiar Selma Eik, nestleiar Berit H. Myklebust og styremedlem Margit Eik. Hilda Guddal er kasserar og Inger Moberg skrivar medan Berit Harriet Døsland og Martha Bakke er varamedlemer. Selma Eik har no teke fatt på sitt sjuande år som leiar. I valnemnda sit Martha Bakke og Aud Isaksen medan Kjersti Rød Bråtun og Liv Sæbøe Eik er revisorar og Berit Harriet Døsland og Berit H. Myklebust er turnemnd.

Det er også halde regionsmøte i Uskedalen for helselaga i Kvinnherad. Der var leiar i fylkesstyret Ingebjørg Widding (som også er nestleiar i Nasjonalforeninga på landsbasis) gjest og uttala at helselaget i Uskedalen fortener å bli trekt fram som eit føredøme med omsyn til godt arbeid. Ho orienterte om Nasjonalforeninga sine prioriterte oppgåver. Ei av dei er å arbeida for eit betre kosthald både blant unge og eldre.

Av Ola Matti Mathisen